

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-000, TI-&13
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 12.08.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
070/21	Alver formannskap	17.08.2021

Høyringsuttale – endringar i pasientjournallova mm

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram til politisk drøfting

Alver formannskap 17.08.2021:

Handsaming:

Fellesframlegg frå S.Sekkingstad-SP:

Alver kommune viser til Høring: Forslag til endringer i pasientjournalloven og IKT-standardforskriften - Tilgjengeliggjøring av og betaling for nasjonale e-helseløsninger publisert 15. juni 2021 med frist for høyringssvar 18. august 2021.

Alver kommune meiner det er sterkt kritikkverdig at høyringsprosessen for lovendringar med betydelege økonomiske og prinsipielle konsekvensar for kommunane - blir gjennomførte med så korte tidsfristar, i den politiske sommarferien til kommunane.

Alver kommune viser til høyringssvaret som er sendt frå KS den 1. juli 2021 med referanse 19/02424-21. Alver kommune støttar i sin heilskap KS sitt høyringssvar i saka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 070/21 Vedtak:

Alver kommune viser til Høring: Forslag til endringer i pasientjournalloven og IKT-standardforskriften - Tilgjengeliggjøring av og betaling for nasjonale e-helseløsninger publisert 15. juni 2021 med frist for høyringssvar 18. august 2021.

Alver kommune meiner det er sterkt kritikkverdig at høyringsprosessen for lovendringar med betydelege økonomiske og prinsipielle konsekvensar for kommunane - blir gjennomførte med så korte tidsfristar, i den politiske sommarferien til kommunane.

Alver kommune viser til høyringssvaret som er sendt frå KS den 1. juli 2021 med referanse 19/02424-21. Alver kommune støttar i sin heilskap KS sitt høyringssvar i saka.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet

Sjå: Høyringsdokument: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/ny-sidehoring-forslag-til-endringer-i-pasientjournalloven-og-ikt-standardforskriften-tilgjengeliggjoring-av-og-betaling-for-nasjonale-e-helselosninger/id2861127/>

Kva saka gjeld:

- Denne saka omhandlar ei høyring frå helse- omsorgsdepartementet om forslag til endringar i pasientjournallova og forskrift om IKT-standardar i helse- og omsorgstenesta. Høyringsfrist er 18.08.21

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Helse- og omsorgsdepartementet sender på høyring forslag til endringar i pasientjournallova og forskrift om IKT-standardar i helse- og omsorgstenesta. Forslaget gjeld mellom anna tilgjengeleggjing av og betaling for nasjonale e-helseløysningar. Vidare blir det foreslått at Norsk helsenett SF blir gitt lovheimel til å hente inn personopplysningar frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikt og til å etablere ein kopi av Folkeregisteret. Forslaget følgjer opp Meld. St. 6 (2020-2021) og Innst. 59 S (2020-2021) om tilbaketrekking av e-heselova.

Vurdering:

Rådmannen legg fram saka til politisk drøfting. Vedlagt saka ligg høyringssvar frå KS.

Vedlegg i saken:

12.08.2021	Vedlegg 1 KS uttalelse under lovmedvirkingen	1596462
12.08.2021	Høringssvar fra KS - endringer i pasientjournalloven mv	1596463